



C 311

Noregs offisielle statistikk

Official Statistics of Norway

Statistics Norway

Elektrisitetsstatistikk 1993

Electricity Statistics 1993

Statistisk sentralbyrå





Elektrisitetsstatistikk 1993

Electricity Statistics 1993

Standardteikn i tabellar	Symbols in Tables	Symbol
Tal er umogleg (ulogisk)	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Retta sidan førre utgåva	Revised since the previous issue	r

ISBN 82-537-
ISSN 0333-3779

Emnegruppe

10.08 Kraft- og vannforsyning

Emneord

Elverk
Kraftforbruk
Kraftpriser
Kraftproduksjon
Varmekraft
Vannkraft
Rekneskapstal

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Falch Hurtigtrykk

Forord

Den årlege elektrisitetsstatistikken inneheld oppgåver over talet på elektrisitetsverk, maskininstallasjon, overførings- og fordelingsanlegg, produksjon og forbruk av elektrisk kraft, investeringar og økonomiske hovudtal.

Statistikken for 1993 er lagt vesentleg om frå tidlegare år. Fullstendige rekneskapsoppgåver med omfattande tilleggsspesifikasjonar er henta inn frå alle energiverk i eit samarbeid mellom Statistisk sentralbyrå og Noregs vassdrags- og energiverk (NVE).

Førebels tal for 1993 er gjort kjende i Ukens statistikk nr. 39, 1995.

Rådgjevar Frank Foyn og konsulent Randi Gjersvoll har stått for arbeidet med elektrisitetsstatistikken og publikasjonen. Ansvarleg seksjonsleiar er Bjørn Bleskestad, Seksjon for utanrikshandel, energi og industristatistikk.

Statistisk sentralbyrå, Oslo, 4. juni 1996

Svein Longva

Olav Ljones

Preface

The annual electricity statistics contain statistics on the number of establishments, capacity of installed machinery, transmission system and distribution network, production and consumption of electric energy, value added, fixed capital formation and economic figures.

From 1993 the statistics have been reorganised. Information from each individual plant is collected jointly by Statistics Norway and Norwegian Water Resources and Energy Administration.

Preliminary figures for the year 1993 have been published in the Weekly Bulletin of Statistics no. 39, 1995.

The publication has been prepared by Ms. Randi Gjersvoll and Mr. Frank Foyn. The head of division responsible for the publication is Bjørn Bleskestad, Division for External Trade, Energy and Industrial Production Statistics.

Statistics Norway, Oslo, 4 June 1996

Svein Longva

Olav Ljones

Innhold

Tabellregister	7
Tekstdel	
1. Omfanget av statistikken	9
2. Endringer i statistikken for 1993	9
3. Kjennemerke	11
4. Nokre hovudresultat	13
Tekst på engelsk	14
Tabellidel	17
Vedlegg	
Definisjonar av nøkkeltall	47
Utkomne publikasjonar	
Energirelaterte publikasjonar frå Statistisk sentralbyrå	49
Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk	51

Einingar

kW	Kilowatt	.. = 1 000 W
MW	Megawatt	.. = 1 000 kW
kVA	Kilovoltampere	.. = 1 000 VA
MVA	Megavoltampere	.. = 1 000 kVA
kWh	Kilowatt-time	.. = 1 000 Wh
Mwh	Megawatt-time	.. = 1 000 kW
Gwh	Gigawatt-time	.. = 1 000 Mwh

Contents

Index of tables	10
Text	
1. Coverage	14
2. Changes in the statistics for 1993	14
3. Characteristics	15
4. Some main results	16
Tables	17
Annexes	
Definition of Key figures	48
Publications	
Publications related to energy statistics from Statistics Norway	49
The most recent publications in the series Official Statistics of Norway	51

Units

kW	Kilowatt	.. = 1 000 W
MW	Megawatt	.. = 1 000 kW
kVA	Kilovoltampere	.. = 1 000 VA
MVA	Megavoltampere	.. = 1 000 kVA
kWh	Kilowatt-hour	.. = 1 000 Wh
Mwh	Megawatt-hour	.. = 1 000 kWh
Gwh	Gigawatt-hour	.. = 1 000 MWh

Tabellregister

Hovudtal

1. Hovudtal. 1984-1993	17
------------------------------	----

Produksjonsanlegg og utstyr

2. Maskininstallasjon etter art. 1950, 1955 og 1960-1993	20
3. Maskininstallasjon etter art og fylke/eigargruppe. 1993	21
4. Kraftstasjonar etter storleik (maksimal stasjonsyting). 1974-1993	22
5. Vasskraftstasjonar etter storleik (maksimal stasjonsyting) og fylke/eigargruppe. 1993	23

Overførings- og fordelingsystem

6. Liner ved slutten av året, etter type line. 1974-1992. Km	24
7. Liner ved slutten av året, etter type line og systemspenning. 1993. Km	24
8. Liner ved slutten av året, etter type line og fylke/eigargruppe. 1993. Km	25
9. Transformatorar ved slutten av året etter fylke/eigargruppe. 1993	26

Tilgang og bruk av elektrisk kraft

10. Produksjon, import, eksport og forbruk av elektrisk kraft. 1950, 1955 og 1960-1993. Gwh	27
11. Produksjon av elektrisk kraft, etter art og fylke/eigargruppe. 1993. Gwh	28
12. Nettoforbruk av elektrisk kraft etter forbrukargruppe. 1960 og 1965-1993. Gwh	29
13. Nettoforbruk av fastkraft i bergverk og industri, etter forbrukargruppe. 1960 og 1965-1993. Gwh	30
14. Nettoforbruk av elektrisk kraft, etter type og forbrukargruppe. 1993. Gwh	31
15. Nettoforbruk av elektrisk kraft i alt, prioritert og uprioritert, etter forbrukargruppe og fylke. 1993. Gwh	32
16. Forbruk av elektrisk kraft i hushald og jordbruk pr. innbyggjar. Fylke. 1988-1993. kWh	32
17. Nettoforbruk av elektrisk kraft og gjennomsnittsprisar, etter forbrukargruppe. 1992 og 1993	33
18. Prisar på energi og overføring etter forbrukargruppe. 1993. Øre/kWh	34
19. Prisar på energi levert til hushald. Fylke. 1993. Øre/kWh	35

Økonomiske hovudtal mv.

20. Talet på energiverk, sysselsette og utførte årsverk etter type verk og verksemdsområde. 1993	36
21. Økonomiske hovudtal for alle einingar i kraftsektoren. 1992 og 1993. Mill.kr.	37
22. Resultatrekneskap for føretak i kraftsektoren, etter type verk. 1993	38
23. Rekneskapsbalanse, etter type verk 1993	39
24. Resultatrekneskap for føretak i kraftsektoren, etter eigargruppe. 1993	41
25. Rekneskapsbalanse, etter eigargruppe 1993	42
26. Innkjøp, sal og reparasjon av varige driftsmiddel, etter art. 1993. Mill.kr.	44
27. Innkjøp av varige driftsmiddel, etter type anlegg og fylke/eigargruppe. 1993. Mill.kr.	45

Index of tables

Main figures

1. Main figures. 1984-1993 17

Production plants and equipment

2. Capacity of installed machinery, by type. 1950, 1955 and 1960-1993 20
 3. Capacity of installed machinery, by type and county/owner group. 1993 21
 4. Power stations by size (maximum output). 1974-1993 22
 5. Hydro-electric power stations, by size (maximum output) and county/owner group. 1993 23

Transmission and distribution system

6. Lines at the end of the year, by type of line. 1974-1992. Km 24
 7. Lines at the end of the year, by type of line and voltage. 1993. Km 24
 8. Lines at the end of the year, by type of line and county/owner group. 1993. Km 25
 9. Transformers at the end of the year by county/owner group. 1993. 26

Supply and use of energy

10. Production, imports, exports and consumption of electric energy. 1950, 1955 and 1960-1993. Gwh 27
 11. Production of electric energy, by type and county/owner group. 1993. Gwh 28
 12. Net consumption of electric energy, by consumer group. 1960 and 1965-1993. Gwh 29
 13. Net consumption of firm power in mining, quarrying and manufacturing industries, by consumer group. 1960 and 1965-1993. Gwh 30
 14. Net consumption of electric energy, by type and consumer group. 1993. Gwh. 31
 15. Net consumption of total electric energy, priority and non-priority, by consumer group and county. 1993. Gwh 32
 16. Consumption of electric energy in households and agriculture per capita. County. 1988-1993. kWh. 32
 17. Net consumption of electric energy and average prices, by consumer group. 1992 and 1993. 33
 18. Prices on electric energy and transmission by consumer group. 1993. Øre/kWh 34
 19. Prices on electric energy delivered to household. County. 1993. Øre/kWh 35

Economic main figures etc.

20. Number of electricity plants, persons engaged and man-years by type of plants and activity. 1993 36
 21. Economic main figures for all units in electricity supply. 1992 and 1993. Mill.NOK 37
 22. Income statement for enterprises in electricity supply, by type of plant. 1993 38
 23. Balance sheet, by type of plant 1993 39
 24. Income statement for enterprises in electricity supply by ownership. 1993 41
 25. Balance sheet, by ownership 1993 42
 26. Acquisition, sale and repair of fixed assets, by type of capital. 1993. Million kroner 44
 27. Acquisition of fixed assets, by type and county/owner group. 1993. Mill. NOK. 45
-

1. Omfanget av statistikken

Elektrisitetsstatistikken omfattar:

- alle reine fordelingsverk
- kraftproduserande verk baserte på sal av elektrisk kraft og som har ein maskineffekt på minst 100 kW
- elverk som føretak i andre næringar driv for forsyning av eigne bedrifter når maskineffekten er minst 500 kW.
- nettselskap
- føretak som kjøper og sel kraft utan å ha eige nett ("tradere")

Kraftstasjonar som norske interesser delvis eig, og som ligg utanfor landegrensene, er ikkje tekne med i statistikken. Elektrisitetsproduksjonen på kontinentalsokelen er heller ikkje med.

Oppgåvene blir samla inn med heimel i lov av 16. juni 1989 nr. 54 om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå (statistikklova), kgl.res. av 16. juni 1989 og forskrift fastsett av Finansdepartementet.

Statistisk sentralbyrå har frå og med 1937 henta inn årlege oppgaver frå elverka over maskininstallasjon, produksjon, leveransar av elektrisk kraft, sysselsetjing, lønskostnader mv., og frå og med 1946 er det henta inn årlege oppgaver over investering.

Frå og med 1973 vart statistikken utvida med følgjande nye kjennemerke: Maksimal stasjonsyting, overførings og fordelingsanlegg etter art og spenning, fordelingstransformatorar, pumpekraftstasjonar og fordeling av varmekraftstasjonar etter art. Dessutan er forbruk av elektrisk kraft og investeringar fordelte etter fylke.

Frå og med 1993 er statistikken lagt vesentleg om frå tidlegare år. Fullstendige rekneskapsoppgåver med omfattande tilleggsspesifikasjonar er henta inn frå alle energiverk i eit samarbeid mellom Statistisk sentralbyrå og Noregs vassdrags- og energiverk (NVE). Omlegginga er årsaka til at publikasjonen for 1993 er svært forsinka.

2. Endringar i statistikken for 1993

Pga. omlegging av statistikken med tilpassing til energilova er ein del kjennemerke nye eller endra og kan ikkje direkte samanliknas mot tidlegare år. I denne bolken vert dei viktigaste endringane omtala.

Den nye rapporteringa var ei stor endring både for energiverka og SSB og rapportane inneheldt ein del

feil og manglar. Sjøl om dette er retta opp så godt som mogleg, er det likevel knytt noko meir uvisse ved resultatane enn for tidlegare år.

Rekneskapstal

Rapportane frå energiverka er baserte på fullstendige rekneskapsoppgåver, mellom anna spesifiserte på dei ulike verksemdsområda (omsetnad, produksjon, nett) i samsvar med innhaldet i energilova. Rapportane gir derfor grunnlag for publisering av resultatrekneskap og balanse for kraftsektorane. I tabellane 22-25 er det publisert rekneskapstal fordelte etter type verk og eigargruppe.

Statistisk eining

I statistikken for 1993 er **føretaket** (den minste juridiske eininga) rapporteringseining. Tidlegare var **bedrift** rapporteringseining. Bedrift var definert som alle avdelingar i føretaket innanfor same elområde. Endringa gjeld derfor berre energiverk med aktivitet i fleire elområde. I statistikken er det berre *talet på energiverk* som vert påverka av denne endringa.

Som tidlegare vert energiverk med fleire eigarar skilde ut som eigne einingar.

Type energiverk

Energiverka er delte inn i ulike typar etter aktivitet:

Industriverk

Kraftverk som er del av industriføretak. Desse leverer hovudsakleg kraft til produksjonseiningar i same føretaket. Industriverk er ikkje med i rekneskapsstala i publikasjonen (tabellane 22-25).

Produksjonsverk

Kraftverk med eigen produksjon og som ikkje leverer kraft direkte til sluttbrukarar.

Engrosverk

Energiverk som hovudsakleg kjøper kraft og som sel kraft til andre energiverk. Desse kan noko eigenproduksjon og òg levere noko kraft til sluttbrukarar via regionalnett.

Distribusjonsverk

Energiverk som kjøper kraft frå andre verk og leverer kraft direkte til sluttbrukarar via eige distribusjonsnett.

Integrerte verk

Energiverk med eigen produksjon og som leverer kraft direkte til sluttbrukarar via eige regionalnett eller distribusjonsnett. Integrerte verk vert vidare delte inn i verk med mindre enn 20 prosent eigenproduksjon (av samla kraftsal) og verk med meir enn 20 prosent eigenproduksjon.

Andre verk

Omfattar reine nettselskap og føretak som kjøper og sel kraft utan å eige nett. Som før er det òg gitt ei to-delning av energiverka etter kraftproduserande og ikkje-kraftproduserande verk.

Eigargruppe

I tillegg vert energiverka som tidlegare delte inn i ulike grupper etter om det er staten, kommunar eller private som eig dei. Dei kommunale energiverka er igjen delte inn i fylkeskommunale verk, felleskommunale verk og kommunale verk.

Statens verk. Denne gruppa omfattar forutan sjølve statskraftverka alle elverk der staten eller ei bedrift som staten eig har skote inn minst 50 prosent av aksje eller partskapitalen.

Fylkeskommunale verk omfattar elverk som ein fylkeskommune eig åleine.

Felleskommunale verk. Elverk som minst to kommunar eig er rekna som felleskommunale. Denne gruppa omfattar dessutan alle verk som staten, fylke, kommunar eller private i felleskap eig dersom ikkje staten har minst 50 prosent eller dei private over 50 prosent av eigarpartane. I det første tilfelle vert staten rekna som eigar av verket og i det andre tilfellet private.

Kommunale verk. Forutan elverk som ein kommune eig åleine omfattar denne gruppa dei elverka der ein kommune har minst 50 prosent av eigarpartane og staten eller private har resten. Dersom andre kommunar eig resten av partane, blir verket klassifisert som felleskommunalt.

Private verk. Alle elverka der private eig over 50 prosent av kapitalen, er plasserte i denne gruppa. Her kjem òg dei elverka som etter konsesjonsvilkåra har falle attende til staten, men som framleis vert drivne av private firma på leigevilkår.

I dei tilfella der fleire av gruppene som er nemnde ovanfor eig eit elverk saman, har ein altså lagt til grunn ein såkalla 50prosentregel, dvs. data for eit elverk kjem inn i statistikken 100 prosent anten i den eine eller i den andre eigargruppa.

Verksemdsområde

Energiverkets verksemd er delt inn i følgjande (resultat)område:

Kraftomsetning

Omfattar kjøp og sal av kraft.

Kraftproduksjon

Omfattar kraftproduksjon i eigne anlegg og partar hos andre produsentar/ deleigde anlegg. Kan også omfatte energisal engros.

Sentralnett

Omfattar energiverkets utleige til sentralnett og drift av sentralnett i eigen regi

Regionalnett

Omfattar drift av eige regionalnett

Distribusjonsnett

Omfattar drift av eige distribusjonsnett; nett frå og med 22/11 kV høyspentnett og fram til kunde, men ikkje medrekna straummålar hos den einskilde abonnent.

Anna verksemd

Omfattar fjernvarme, arbeid for andre (entreprenørtenester), veglys, installasjon, kabel-TV, konkurranseutsett enøk, utleige, sal av konsulenttenester eller anna næringsverksemd

Fellesverksemd

Omfattar verksemd ikke direkte knytta til dei andre aktivitetane. Felleskostnader skal i rekneskapen fordelas ut på dei andre resultatområda.

I publikasjonen er det berre utførte årsverk i energiverket som er spesifiserte på verksemdsområde.

Geografisk inndeling

Som tidlegare år er ein del kjennemerke fordelte på fylke. Inndeling etter dei 4 elområda (søraustre, sørvestre, midtre og nordre) er tatt ut av statistikken for 1993, fordi denne inndelinga ikkje lenger er så interessant med dei nye marknadstilhøva.

Forbrukarinndeling

Forbrukarinndelinga er i samsvar med ny norsk næringsstandard (SN94), NOS Standard for næringsgruppering, som er basert på EU-standard NACE Rev.1. Denne er igjen basert på FN-standard ISIC Rev.3. Inndelinga er meir detaljert enn tidlegare.

I den nye inndelinga vert det ikkje lenger skilt mellom offentleg og privat tenesteyting. I statistikken for 1993 er det likevel foretatt visse overslag og lagt fram tal som kan samanliknast mot tidlegare inndeling.

Definisjon av treforedling og kraftintensiv industri (ny næringskode i parentes):

Treforedling (211); omfattar tresliperi, cellulosefabrikkar, papir og pappfabrikkar og trefiberplatefabrikkar. Papirvare- og pappvarefabrikkar, trevarefabrikkar og sponplatefabrikkar er grupperte under Annan industri.

Kraftintensiv industri

° Kjemiske råvarer (241) omfattar karbid og cyanamidfabrikkar, produsentar av andre kjemiske grunnstoff, kunstgjødsel- og kunstgjødsel- og basisplast og kunstfiberfabrikkar.

- ° Jern og stål (271) omfattar jern og stålverk, medrekna alle prosessar fra reduksjon i smelteovn til valsing og trekking av halvfabrikata. Stålstøyper er gruppert under Annan industri.
- ° Ferrolegeringar (273) omfattar produksjon av ferrosilisium/ silisium, ferromangan, ferrokrom og andre ferrolegeringar.
- ° Primæraluminium (2742) omfattar produksjon av ubearbeidd aluminium, ulegert og legert.
- ° Andre metall (2743-45) omfattar produksjon av andre ikkjejernhaldige metall og metallegeringar av malm og metallskrap. Støyper og valseverk vert gruppert under Annan industri.

Krafttype

I statistikken for 1993 vert det skilt mellom prioritert og uprioritert kraft for levering til sluttbrukarar, medan det tidlegare vart nytta omgrepa fastkraft og tilfeldig kraft. For samanlikning med tidlegare år er prioritert kraft for 1993 gruppert som fastkraft og uprioritert kraft som tilfeldig kraft.

Kraftpris

F.o.m. 1993 er samla kraftpris til sluttbrukarar splitta opp i pris på energi og pris på overføring og distribusjon av krafta. I statistikken for 1993 vert det publisert særskilt prisar på energi og overføring/ distribusjon for ulike brukargrupper. I tillegg er det gitt samla kraftpris til sluttbrukarar. For 1992 er det berekna samla kraftpris (vegde gjennomsnitt av fastkraft og tilfeldig kraft) for samanlikning mot 1993.

Avgifter omfattar:

1 Avgift på elektrisk kraft

Hovudregelen er at det skal betalast ei avgift på elektrisk kraft som vert levert eller innført til bruk her i landet. Avgift skal krevjast opp òg ved uttak av elektrisk kraft til eige bruk. I 1993 var avgifta 4,6 øre/kWh ; for industri og bergverk 2,3 øre/kWh. Avgift krevst ikkje opp for kraftintensiv industri, treforedling og veksthus. Avgift krevst heller ikkje opp for Finnmark og nokre kommunar i NordTroms (Karlsøy, Kvænangen, Kåfjord, Lyngen, Nordreisa, Skjervøy, og Storfjord).

Avgifta har endra seg slik sidan 1974:

Før 1.5. 1974	0,4 øre/kWh
Frå 1.5. 1976	1,0 "
" 1.7. 1978	2,0 "
" 1.1. 1981	2,2 "
" 1.1. 1983	2,5 " 1)
" 1.1. 1984	2,7 "
" 1.1. 1985	2,9 "
" 1.1. 1986	3,1 "
" 1.1. 1987	3,4 " 1)
" 1.1. 1988	3,6 " 1)
" 1.1. 1989	3,7 " 2)
" 1.1. 1990	3,85 "
" 1.1. 1991	4,0 " 1)
" 1.1. 1992	4,15 "
" 1.1. 1993	4,6 "

1) Nokre industrigrupper hadde nedsett avgift.

2) Finnmark og nokre kommunar i NordTroms hadde nedsett avgift i 1989 og 1990 og var fritekne for avgift i 1991, 1992 og 1993.

2 Produksjonsavgift

Frå 1. januar 1993 skal det krevjast opp produksjonsavgift av elektrisk kraft produsert i vasskraftverk. Avgifta er 1,2 øre/kWh av avgiftsgrunnlaget. Avgiftsgrunnlaget er 1/15 del av produksjonen i det einskilde kraftverket for åra 1976 til 1990.

3 Årlege konsesjonsavgifter

4 Andre offentlege avgifter så som kommunalbankavgift, og avgift til Elektrisitetstilsynet. Meirverdiavgift og investeringsavgift skal ikkje vere med.

3. Kjennemerke

Produksjonsanlegg, overførings- og fordelingsystem

Kraftmaskinar omfattar vasssturbinar, dampsturbinar (eventuelt mottrykksturbinar), stempelmaskinar, bensinmotorar, dieselmotorar, råoljemotorar og gassmotorar. Effektoppgåvene refererer seg til nominell påstempla yting på maskinar installerte pr. 31. desember i oppgaveåret.

Generatorar. Effektoppgåvene for generatorane refererer seg på same måten til påstempla yting ved utgangen av året.

Aggregat omfattar kraftmaskin (turbin) og generator. Eit aggregat kan vere sett saman av ein eller fleire turbinar og/eller generatorar.

Maksimal stasjonsyting gir uttrykk for summen av det maksimale dei einskilde stasjonane kan yte over ein time. Maksimal stasjonsyting kan vere avgrensa av turbinar, generatorar eller vassvegar. Vidare er det lagt

til grunn kva aggregata i stasjonen samstundes kan yte.

Kraftstasjonar er delte i ordinære vasskraftstasjonar, pumpekraftstasjonar, varmekraftstasjonar og vindkraftstasjonar.

Overførings og fordelingsanlegg. Med overføringsanlegg (sentralnett) meiner ein alle leidningar og kablar som fører krafta frå kraftstasjon fram til uttaksstasjon i overføringsnettet, dersom spenninga er minst 132 KV. Transformator og koplingsstasjonar i direkte tilknytning til overføringslinene høyrer også med. Statnett sine liner til utlandet blir òg grupperte som overføringsanlegg.

Fordelingsanlegg (regional- og distribusjonsnett) er alle faste anlegg og liner som tener til transformering og fordeling av krafta frå overføringsanlegget til forbrukarane sine installasjonar. Liner som blir nytta både til overføring og fordeling, blir rekna som fordelingsline. Til detaljfordelingsanlegg (distribusjonsnett) høyrer komponentar for spenningar opp til og med 22 kV.

Fordelingstransformatorar omfattar fordelintransformatorar som nedtransformerer til forbruksspenning. Det er berre transformatorar som elverka eig som er med; industribedriftene sine eigne transformatorar er berre med når desse har eigne kraftstasjonar. Fordelingstransformatorar i kraftstasjonar er òg med i tala.

Tilgang og bruk av elektrisk kraft

Bruttoproduksjon av elektrisk kraft refererer seg til den produksjonen som vert målt på generatorklemmene.

Eige forbruk i kraftstasjonane omfattar det ordinære forbruket i stasjonane (t.d. skinnetape, lys mv.) og tap ved opptransformering i kraftstasjonstransformatorane.

Pumpekraftforbruk er forbruk av elektrisk kraft i pumpekraftstasjonar til pumping av driftsvatn opp frå eit lågare til eit høgare nivå.

Tap blir for det enkelte elverk differansen mellom tilgang av kraft (nettoproduksjon/kjøp) og leveransane.

Eksportimport. All elektrisk kraft som passerer den norske riksgrensa, vert rekna som eksport eller import.

Økonomiske hovudtal

Bruttoproduksjonsverdi. Bruttoproduksjonsverdi er definert som summen av:

- sal av elektrisk kraft til sluttbrukarar, medrekna leveransar til bedrifter i eige føretak. Tala er medrekna elektrisitetsavgift.

- sal av elektrisk kraft engros (til andre elverk og eksport). Leveransar frå sameigde verk til eigarverka er tekne med til avrekna sjølvkostverdi
- sal av overføringstenester og andre leigeinntekter
- sal av fjernvarme
- verdi av eige investeringsarbeid, utført av dei tilsette i energiverket
- andre driftsinntekter

Vareinnsats. Vareinnsats omfattar:

- kjøp av elektrisk kraft frå andre elverk
- import av elektrisk kraft
- kjøp av overføringstenester
- anna varekjøp
- andre driftskostnader som leigekostnader, reparasjonar utførte av andre, driftsmateriell, porto, telefon mv. Derimot er avskrivningar, forsikringspremiar på varige driftsmiddel, finansielle kostnader, skattar o.l. ikkje tekne med.

Tilverkjingsverdi. Tilverkjingsverdi til marknadspris er lik bruttoproduksjonsverdi med frådrag for vareinnsats. Tilverkjingsverdi til faktorpris er etter frådrag av avgifter, men tillagt tilskot. Tilverkjingsverdien er gitt utan meirverdiavgift.

Bruttoinvestering. Som bruttoinvestering vert rekna (1) innkjøp av varige driftsmiddel, nye eller brukte, som har ei brukstid på eitt år eller meir, minus (2) sal av varige driftsmiddel. Investeringsarbeid som vert utført av dei tilsette i bedrifta er inkludert i (1).

Maskinar, transportmiddel o.l. vert rekna som innkjøpte i det året utstyret er motteke, utan omsyn til om det har vore i bruk eller ikkje i året. Som ny-skaffing av bygningar, anlegg, tomter o.l. er oppgitt bygningar mv. innkjøpte i året og byggje og anleggsarbeid utført i året for bedrifta si rekning utan omsyn til når betalinga skjer.

Verdien av nyskaffingane gjeld dei faktiske utgiftene, medrekna investeringsavgift, som er påløpt i året utan omsyn til når betalinga finn stad. Byggjelånsrenter er ikkje medrekna frå og med 1983.

Ved sal av driftsmiddel er oppgitt salsverdien av driftsmiddel selde i året.

Fallrettar omfattar berre kjøp, ikkje leige av fallrettar. Del av driftsutgifter i fellesreguleringar og årlege vederlag er heller ikkje tekne med.

Lønskostnader omfattar kontraktsmessig løn, andre ytingar til beste for lønstakarane og arbeidsgiveravgift mv.

Kontraktsmessig løn omfattar løn til alle tilsette før frådrag av skattar, trygdepreamiar, pensjonspremiar

o.l., som dei tilsette skal betale. I tillegg til kontantløn for normal arbeidstid er det teke med godtgjersle for overtid, provisjon til tilsette seljarar og reisande, tantieme, gratiale, feriegodtgjersle, verdi av avtalte naturalytingar og fri trygdekasse, løn under militærteneste, sjukdom og anna fråvere.

Andre ytingar omfattar m.a. løpande pensjonsutbetalingar til tidlegare tilsette, innbetalingar til premiefond og pensjonsreguleringsfond, tilskott til pensjonsfond, arbeidsgivars del av premiar til sjuke og ulykkesforsikring etablert ved tariff eller arbeidsavtale, stønad ved bedriftsulykker og utgifter til fritidsverksemd for dei tilsette.

4. Nokre hovudresultat

Varierende lønnsemd blant energiverka

Føretak i kraftsektoren hadde ein totalrentabilitet på 6,7 prosent i 1993. Energiverka oppnådde dermed eit svakere resultat enn industrien som hadde ein totalrentabilitet på 8 prosent i 1993. Talmaterialet syner likevel store skilnader mellom dei enkelte grupper av energiverk .

Gruppert etter type verk syner tala svakare totalrentabilitet for produksjonsverk enn for andre verk, 3,9 prosent. Noko av grunnen kan vere at det blant desse føretaka er ein del interessentselskap og sameigde verk. Desse føretaka, som får dekt sine kostnader mot at eigarselskapa disponerer den produserte krafta, oppnår i mange høve eit nullresultat.

Produksjonsverka syner klårt høgare resultatgrad samanlikna med distribusjonsverka, men dei er og langt meir kapitalintensive.

Rekneskapstala syner òg at distribusjonsverk og integrerte verk med låg eigenproduksjon hadde ein høg eigenkapitalandel på henholdsvis 81,7 og 65,2 prosent samanlikna med 42,1 prosent for heile kraftsektoren.

Gruppert etter eigarform oppnådde dei privateigde føretaka klårt betre lønnsemd enn dei offentleg eigde. Dei private energiverka hadde i snitt ein totalrentabilitet på 11,1 prosent, medan tilsvarende tal for dei kommunale verka var 7,9 og for statleg eigde verk 3,4 prosent. Private verk utgjør likevel ein liten del av sektoren, vel 2 prosent av totalkapitalen.

Rekneskapsdata omfattar 277 energiverk og dei hadde samla driftsinntekter på 45 121 mill. kr. Samla driftsinntekter (produksjonverdi) for heile kraftsektoren var 48 937 mill. kr. (ikkje medrekna el.avgift). Skilnaden skyldast i hovudsak produksjonseiningar som er del av

industriføretak og som leverar kraft til einingar i same føretaket. Desse einingane er ikkje med i rekneskaps-tala. Totalt er det 324 einingar (energibedrifter) i kraftsektoren.

Brutto produksjonverdien syner ein nedgang på vel 3 milliardar kr. sett i høve til 1992; nær 6 prosent. Tilvergingsverdi til faktorprisar syner ein nedgang på 1,2 milliardar kr, 5,2 prosent. Produksjonen av kraft auka fra 117,5 TWh i 1992 til 120 TWh i 1993 og netto innenlandsk forbruk auka frå 100,4 TWh til 101,9 TWh. Årsaka til lågare produksjonsverdi er dermed lågare prisar på krafta.

Samla pris på kraft levert til hushald syner ein svak nedgang i 1993 til 34,6 øre/kWh (ikkje medrekna avgifter), medan det var klårt større nedgang for tenesteytande verksemd, frå 33,0 til 29,8 øre/kWh. Av samla pris til hushald på 34,6 øre/kWh utgjorde energidelen 15,2 øre/kWh, medan tariffen for overføring var 19,7 øre/kWh.

Bruttoinvesteringane i kraftsektoren var 5 313 mill.kr. i 1993 mot 5 198 mill.kr. i 1992; dvs. ein liten nominell auke. Investeringar i anlegg for overføring utgjorde 1 459 mill. kr. og dette er klårt høgare enn dei førre åra. Investeringar i kraftanlegg og -stasjoner utgjorde 1 145 mill.kr. og er dei lågaste på fleire 10-år.

Talet på sysselsette i kraftsektoren i 1993 var 19 946 (medrekna fjernvarme). Dette er ein auke på nær 600 fra 1992 (korrigert for fjernvarme). Talet på utførte årsverk var 19 165 og fordeler seg på omsetnad (1 050), produksjon (3 000), overførings-/distribusjonsnett (9 950) og fellesverksemd/anna verksemd (5 150).

1. Coverage

The electricity statistics cover

- public supply undertakings with an installed capacity of 100 kW or more
- all undertakings which have as their main purpose the production, transmission, distribution or sale of electric energy;
- electricity plants with an installed capacity of 500 kW or more, which are operated by enterprises in other industry groups for the purpose of satisfying their own requirements.

Not included are partly Norwegian-owned plants located outside Norway. The electricity production on the Continental shelf is not included.

2. Changes in the statistics for 1993

From 1993 the statistics have been reorganised. Information from the plants is collected jointly by Statistics Norway and Norwegian Water Resources and Energy Administration due to the new information requirements of the Energy Law and to the monitoring of the new structures in the energy market. In the statistics for 1993 there are some new variables and some altered variables not fully comparable the ones from previous years. Some of the variables are also more uncertain than usual.

Financial accounts

Complete financial accounts with comprehensive additional specifications are collected from the energy plants. These reports are the basis for the new statistics for income statements and balance sheet for the energy sector (see tables 22-25).

Statistical unit

The enterprise is the statistical unit in the new data collection procedure. Earlier the establishment was the unit, defined as all energy activities (production, transmission, distribution) located in one distribution area. The change concerns only the energy enterprises with activity in several distribution areas. Only *the number of electricity plants* is effected by this change.

Electricity plants with more than one owner are considered as separate units as earlier.

Type of plants

The electricity plants are grouped into the following types according to their main activity:

Industrial plant

Plants that are part of an enterprise in manufacturing industry and that deliver electricity to production units in the same enterprise. These plants are not included in the tables for financial accounts (tables 22-25).

Production plant

Plants with self-production that do not sell electricity directly to end-users

Wholesale plant

Plants that mainly buy and sell electricity to other plants

Distribution plant

Plant without self-production that buy electricity from other plants and distributing electricity directly to end-users in its own distribution system.

Integrated plants

Plants with self-production that distribute electricity directly to end-users in own distribution system

Other plants

Includes specialized transmission plants and enterprises buying and selling electricity without own distribution system.

Owner group.

In addition the electricity plants are classified in three major groups according to ownership as earlier: Central government, municipalities and private. The municipal plants are subdivided into county plants, joint municipal plants and municipal plants.

Central government plants. In addition to the State Power System the group includes all electricity plants in which at least 50 per cent of the share capital is held by the Central government.

County plants. The group includes electricity plants owned entirely by the counties.

Joint municipal plants. Electricity plants owned jointly by at least two municipalities are classified as joint municipal. The group also includes all plants jointly owned by the Central government, counties, municipalities and private companies, provided that the Central government or private owners are not holding more than 50 per cent of the shares. If this is the case, the plant is classified as Central governmentowned or as privatelyowned.

Municipal plants. The group includes plants owned entirely by a municipality and plants in which a municipality holds at least 50 per cent of the shares while the remaining shares are held by the Central government or privately. If the rest of the shares are held by

other municipalities, the plant is classified as joint municipal.

Private plants. Electricity plants in which more than 50 per cent of the capital is in private hands are classified as private plants. This group also includes electricity plants which in accordance with the terms of concession have been ceded to the Central government, but which continue to be privately operated on a lease.

Type of activity

The enterprise's activity is grouped into the following profit areas:

Sales of energy

Production of energy

Transmission of energy (central system)

Primary distribution of energy (regional system)

Final distribution of energy

Other activity

Joint activity. Activity not directly linked to the other activities. Joint costs are in the financial accounts distributed to the other profit areas.

In the publication only man-years worked in the electricity plant are specified by type of activity.

Geographical division.

As previous years some characteristics are distributed by county. Distribution by the four electricity distribution areas are deleted in the statistics for 1993 since this grouping no longer is so relevant due to the new market conditions.

Groups of end-users

The specification by end-users is in accordance with the new Norwegian industrial classification (SIC94) based on NACE Rev.1 and ISIC Rev.3. In the specification there is no longer a division into public and private services, but some estimates have been made for comparison with the previous specification.

Definition of energy intensive industry (the figures in parenthesis refer to SIC94):

Manufacture of pulp, paper and paperboard (211).

Energy intensive industry. Manufacture of basic chemicals (241). Iron and steel works (271). Ferroalloys works (2732). Primary aluminium works (2742). Other nonferrous metal works (2743-45)

Type of electric power

In the statistics for 1993 the electric power to end-users is specified in priority power and non-priority power. Earlier the terms firm power and occasional power were used.

Energy price

From 1993 the total price to end-users is split into the price of electric energy and tariffs on distribution of energy.

3. Characteristics

Prime movers include water turbines, steam turbines (backpressure turbines), piston engines, petrol engines, diesel engines, crude oil engines and gas engines. Capacity data are based on nominal installed capacity on machines installed at the end of the year.

Generators. Capacity data for generators refer correspondingly to installed capacity at the end of the year.

Maximum output from the stations reflects the sum of maximum output from each station during one hour. This may be restricted by turbines, generators or waterways.

Gross production is measured at the generator busbars. *Imports-exports.* All electric power transferred across the border is regarded as imports or exports.

Gross value of production is defined as the sum of

- electric power sold to end-users, including deliveries to own industrial production units
- electric power sold to other electricity plants incl. exports,
- sales of transmission services, receipts from renting,
- sales of district heating
- value of own account investment work
- other operating income

Intermediate consumption is defined as the sum of

- electric energy purchased from other electricity plants,
- imports,
- purchase of transmission services
- purchase of goods
- other operating costs

Value added at market prices is equal to the gross value of production less intermediate consumption. Valued added at factor prices is exclusive of taxes, but inclusive of subsidies. The value added is given exclusive of value added tax.

Gross fixed capital formation is defined as acquisition of fixed assets (new and used) which normally would not be worn out in the course of one year less sales of fixed assets. Investment work performed by the employees of an establishment for its own use is also included. The value of gross fixed capital formation is equal to the actual expenses, invest-

ment levy included, incurred during the year, irrespective of time of payment.

4. Some main results

Enterprises in the electricity sector gained a return on total assets of 6,7 percent in 1993. The electricity plants then had a weaker results than manufacturing industry. In manufacturing the return on total assets was 8 percent in 1993.

The results deviates considerably among the different groups of electricity plants. For the production plants the return on total assets is lower than other plants, 3,9 percent. One reason for this is that among the production plants there are some joint-owned companies where the contribution from the owners only equals the costs without generating any profit.

The production plants as a group have higher profit margin than the distribution plants, but are also more capital intensive. The figures show that distribution plants and integrated plants with low self-production had a high equity ratio, 81,7 and 65,2 percent, compared with 42,1 percent for the whole sector.

